

# Fjell kyrkjeblad

Utgave 2  
2017



## Vårteikn



Aksjon Godhet Fjell  
Side 4



Trusopplæring i Fjell  
Side 10-11



Bli med!  
Side 9

**UTGJEVAR** Fjell kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 6 gonger i året og kostar kr 200,- pr. år.  
For utanbygds: kr 250,-.

**Bankgiro, Kyrkjebladet**  
8580.14.09461

**Bankgiro, Fjell kyrkjelege fellesråd**  
8580.14.09453

**Ansvarleg redaktør**  
Borghild Hustad Berge

**Grafisk design**  
Apelthun House Ltd

**Trykk**  
Bodoni AS

**Forsidebilde**  
Ingalis A. Malmo

**Kyrkjekontoret**  
Postboks 184, 5342 Straume

**Telefon**  
55 09 74 40

**E-post**  
post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Besøksadresse**  
Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

[kyrkja.no/fjell](http://kyrkja.no/fjell)

**INNLEVERINGSFRIST**  
for annonser og kunngjeringar til neste utgåve av Fjell Kyrkjeblad: 5. mai.

# Vårteikn

Etter vinteren er det mange av oss som kjenner ei lengt etter vårteikn. Vi ser etter vårblomar som spirer opp av den tøande jorda. Og vi frydar oss over alle teikn på nytt liv.

Når konfirmantane i Fjell er i sving med fasteaksjon, helga før palmesøndag, er det eit sikkert vårteikn. Det er også aksjonen Godhet Fjell som går av stabelen for tredje gong. Fasteaksjonen handlar om å ta eit tak for folk som treng ei hjelpende hand ute i verda, og godheitsaksjonen handlar om å ta eit tak for folk som treng ei hjelpende hand her heime. Dette kan du lese om på side 4 og 5 her i bladet.

Eit anna stort vårteikn er også presentasjonen av konfirmantane i Fjell. Desse flotte ungdomane som sidan i haust har fått opplæring i kristen tru og tanke, og no skal ta ansvar for sitt åndelege liv sjølv. Det er viktig at den gode sed som er sådd inn i deira hjarta, vil slå rot og gi åndeleg vekst i deira liv. På side 6 og 7 er det ei oversikt over desse ungdomane, og vi oppmodar alle i kyrkjelyden til å be for kvar enkelt av



Krokusen – eit vårteikn.

dei. Be om at det må gå dei vel i livet og at dei må vekse i tru og kjennskap til Jesus Kristus.

På side 8 er det nokre bilde fra konfirmantjubileum som vart skipa til i Fjell kyrkje i haust. Konfirmantar som vart konfirmert for 80, 75, 70, 60, 50 og 40 år sidan møttest att. Det er ei triveleg jubileumssamling som bind kyrkjelyden saman over generasjoner.

Dette kan skje fordi det til ei kvar tid er nokon som held kyrkjelyden levande med å tene som frivillige. På side 9 kan du lese om korleis du kan bli med i ei slik teneste.

På side 10 og 11 kan ein få eit glimt av det mangfoldige trusopplæringsarbeidet som vert gjort her i Fjell. Alle dei små og unge som veks opp her i Fjell får tilbod om å lære å kjenne den kristne trusarven og den glade bodskapen om Jesus.

Det størst vårteiknet verda har sett spire fram, vart synleg den påska i Jerusalem då kyrkas Herre, Jesus Kristus, stod opp frå dei døde og vann oss eit evig liv. Det kan du lese om i andakta på side 3.

MLA

## Årsmøte i Fjell sokn



Det vert årsmøte i Fjell kyrkje. **30. april** like etter gudstenesta. Årsmeldinga er tilgjengeleg i kyrkja og på nettsidene.

## Årsmøte i Landro sokn



Det blir kyrkjemiddag og årsmøte etter gudsstenesta **30. april** i Landro kyrkje. Velkommen!

## Årsmøte i Foldnes sokn



Det vert årsmøte i Foldnes kyrkje. **23. april** like etter gudstenesta. Årsmeldinga er tilgjengeleg i kyrkja og på nettsidene.

## VINTERDEKKET BLIR FJERNA

Kransar og vinterdekke blir fjerna frå gravplassane i veke 14. Det er frå 3. til 7. april.



**DEN NORSKE KYRKJA**

## Sotra Reviderte Bjerkheim-jazz



**Søndag 11. juni kl. 19.30**  
**syng Vokalensemplet Sotra Reviderte «Bjerkheim Jazz»**  
i Fjell kyrkje.

Organist Olav Sørheim kan fortelje at dette er eit korverk med tekstar av Trygve Bjerkheim i jazz-rytmar og harmoniar.

Her får ein mellom anna høyra «Eg lyfter augo mine», «Bli med, bli med til livet» og «Han tek ikkje glansen av livet».

– Koret syng i veksling med eigne solistar og kyrkjelyden. Komp.gruppa er vår tradisjonelle jazzbesetning: Eline Olsen; piano, Thommas

Vokalensemplet Sotra Reviderte syng kjente og kjære Trygve Bjerkheim-songar i Fjell kyrkje.

Linde Lossius; bass, Sigurd Steinkopf; slagverk, Rune Landro; saxofon, fortel Sørheim.

– Alle arrangement er gjort av kantor Olav Arne Steinkopf, legg han til.

# Det størst våreteiknet i verda

Vi står framføre påske, som er det største våreteiknet verda har sett. Etter den historiske krossfestinga i Jerusalem i år 33, skjedde det ei dramatisk hending. Den krossfeste Jesus Kristus stod opp att frå grava, til eit heilt nytt liv som verda aldri hadde sett maken til. Dette er den glade bodskapen i den kristne påska. Vårteikn. Nytt liv stod opp av døde. Nytt liv i fridom, fordi Jesus sigra over fordervs-kreftene som bryt oss ned.

Men kor tid vart eigentleg påska kristen? Jesus var jøde og feira jødisk påske. Det var han oppseda til. I Lukasevangeliet kan vi lese korleis han som 12 år gammal drog med sine foreldre til Jerusalem til påskefesten. Likeeins kan vi lese korleis den vaksne Jesus, då den jødiske påska nærma seg, sende nokre av læresveinane av stad for å førebu påskemåltidet.

Jesus feira påske til minne om den mirakuløse utvandring frå Egypt, etter 400 år som Faraos slavar. Påskelammets blod på dørkarmane vart til frelse for jødane då dødsengelen gjekk gjennom Egypt. Og i den samme natta forlet dei treldomen og byrja si vandring mot fridomen.

Dette er bakteppe då Jesus, ved det siste påskemåltidet han feirar med sine læresveinar, legg ei ny forståing inn i den jødiske påska.

Han gjer seg sjølv til det påskelammet som vart slakta til minne om utfriinga frå slaveriet i Egypt. Som lammet blei slakta i Jerusalems tempel, ville



*Evangeliet om at Jesus Kristus stod opp frå dei døde og vann oss eit evig liv, er det største våreteiknet i verdshistoria. Ill: iStock*

han la seg slakte på krossen for så å gjenoppstå frå dei døde. Til vår fridom.

På ein måte kan vi seie at Jesu siste jødiske påskefeiring med sine læresveinar, vart den fyrste kristne påska.

Men so enkelt er det likevel ikkje.

Mykje tydar på at dei kristne i både det fyrste og andre århundre fortsette med å feira jødisk påske, men at dei høgst sannsynleg la eit nytt innhald i den.

I år 70 vart tempelet i Jerusalem øydelagd av romarane. Og etter eit jødisk

opprør (år 132-135) mot den romerske okkupasjonsmakta, driv keisar Hadrian alle jødane ut av Jerusalem.

Utvisinga av jødane råka også eit fleirtal av dei kristne i byen, og den etniske jødiske leiinga av kyrkjja. Jerusalem-kyrkja fekk då ein ny leiarskap av gentilis (latin for ikkje-jødar), ifylgje den tidlige kyrkjhistorikaren Eusebius av Cæsarea.

Desse kristne var klar over at også dei kunne få problem der som dei fortsette med å feira påske på same tid som jødane. Keisar Hadrian hadde nemleg forbode alle jødiske traditionar og skikkar.

Det kristne samfunnet i Jerusalem vart tvinga til å legge påskefeiringa til ein annan dato enn den opphavlege.

Det var ein langvarig strid i kyrkjja om dateringa. Biskopen i Rom til dømes insisterte på at kristne skulle feira påske på søndagen som fylgjer etter den 14. Nisan, då jødane har sin påske.

Det er først i år 325, ved konsilet i Nikea, at det blir fastlagt at den kristne påska skal fylgje den jødiske påska, men leggast til den fyrste søndag etter fullmåne etter vårjamdøger.

Men om datoer for den kristne påskefeiringa vart endra, så endra det ikkje påskas glade bodskap. Evangeliet om at Jesus Messias stod opp frå dei døde og vann oss eit evig liv, er det største våreteiknet i verda.

MARGIT LILJAN APELTHUN

## innhald

- |            |   |
|------------|---|
| Side 4     | Aksjon Godhet Fjell                         |
| Side 6-7   | Konfirmantane i Fjell, Foldnes og Landro    |
| Side 8     | Konfirmantjubileum                          |
| Side 9     | Bli med i det frivillige kyrkjelydsarbeidet |
| Side 10-11 | Trusopplæringa i Fjell                      |





Bilvask.



Godhetsaksjonistar klar for å ta eit tak for andre.

### Kommunal informasjon

## Treng du transport?

Da kan du – uansett kor du bur i Fjell kommune – vera med servicebussen til og frå Sartor Storsenter kvar torsdag. Bussane går til Straume i tida 09.30/10.30, retur kl. 14.00.

Pris kr 50 kvar veg. Ring Fjell Frivilligsentral, tlf. 55 09 69 29, kl.10.00-14.00, for å bestilla plass. Ring seinast onsdag! Bussane køyrer og i romjula, torsdag 29. desember.

#### Bestillingstransport – servicebuss

Eldre eller andre med behov for tilpassa transport som ønskjer å reisa kollektivt til Straume for handling og ærend, kan bestilla buss til og frå Sartor Storsenter.

- Ring Fjell Frivilligsentral, tlf. 55 09 69 29, kl.10.00-14.00, for å bestilla plass.
- Bestillinga må vera motteken innan onsdagar kl. 14.00. NB! Du kan be om å bli henta fast kvar torsdag. Da slepp du å ringja og bestilla plass på førehand, men må gi beskjed viss det er ein torsdag du ikkje vil/kan bruka bussen
- Du kan bli henta heime ved behov
- Gi beskjed om du treng handlehjelp på senteret
- Du kan få hjelp til å bera inn varene om du ønskjer det.

Pris kr 50 kvar veg. Du kan kjøpa klippekort á 10 reiser på bussen (kr 500 – helst bankkort). Det blir òg henting i romjula, torsdag 29. desember.



### BESTILLINGSTRANSPORT

Servicebussane køyrer frå heile kommunen til Sartor Storsenter kvar torsdag.

Bestill bussplass hos Fjell Frivilligsentral kvardagar kl. 10-14. Du kan også bestilla handlehjelp!

**Telefon: 55 09 69 29**

e-post: [frivillig@fjell.kommune.no](mailto:frivillig@fjell.kommune.no)



## Aksjon Godhet Fjell for 3. gong

**– Vi vil sette av tid til å spreie godhet, fordi vi trur at små ting gjort i kjærleik kan forandre verda.**

Det seier leiargruppa i Godhet Fjell. Og kven vil vel ikkje vere med på å forandre verda?

Leiargruppa består av representantar frå ulike kyrkjelydar i Fjell: Metodistkyrkja på Sotra (Metso) og kyrkjelydane i Foldnes, Fjell og Landro.

– Vi vil nyitta to dagar i mai/juni då vi tilbyr ulike dugnadsoppgåver for dei som treng det mest. Dugnads-jobbane prioriterest ut ifrå nokre kriterier, seier Jan Ragnvald Torsvik, ein av leiarane i Godhet Fjell.

#### Ei hjelpende hand

– Vi prioritærer eldre menneske, einsleige forsørgjarar og innvandrarar. Godhetsaksjonen vert to dagar i perioden 29. mai-2. juni.

– Om du kunne tenkje deg å vere med ein dag, eller to, på dugnad, kan du melde deg på via nettsida godhet.no. På same sida kan du og melde inn om du har eit oppdrag du ønskjer å ha gjort.

Er det vanskeleg å gjøre dette på nettet, kan de og ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 55 09 74 40.

# «Ja, vi elskar dette vatnet»

**Tradisjonen tru går  
Kirkens Nødhjelp sin  
Fasteaksjon av staben-  
len ei veke før palme-  
søndag. Årets tema  
er «Ja, vi elskar dette  
vatnet».**

Med utgangspunkt i dei tre kyrkjene våre er konfirmanter og frivillige med på å gå med bøsse i sitt nærområde.

I 2017 blir Fasteaksjonen 2. april kl. 16.00-19.30.

Fasteaksjonen har som mål å samle inn pengar til dei som treng det mest.

## Jubileumsår

I år feirar Kirkens Nødhjelp femti år med Fasteaksjonen og sytti år med Kirkens Nødhjelp. Sidan 1967 har kyrkjelydar over heile landet løfta aksjonen til stadig nye høgder. Fasteaksjonen gjer det mogleg for Kirkens



Ta godt imot konfirmandane når dei kjem med fastebøssene.

Nødhjelp å reagere raskt og med stor kraft ved akutte katastrofar, samtidig som dei kan fortsetje med sine lang-siktige utviklingsprosjekt.

I år feirar vi det reine, liv-givande, livsnødvendige vatnet. For reint vann er ikkje berre ein menneskerett. Reint vann er ikkje berre ei kjelde til helse, tryggleik og utvikling. Tilgang til reint vann gir tid og overskudd til å realisere drømmar, til å ska-

pe seg ei framtid, og ja, til å leike.

I år feirar vi at ni av ti menneske har tilgang til å drikke og vaske seg utan å måtte gå lange vegar for å hente vatn, og utan å bli sjuk. Vi feirar framstega, og samtidig vil vi fortsetje arbeidet til alle i verda har fått ein plass rundt bordet. Framleis manglar 670 millionar menneske tilgang til reint vatn. I år skal over ein

million nye menneske få bærekraftig tilgang til reint vatn, berre gjennom Kirkens Nødhjelp sitt arbeid!

## Forvaltaransvar

Som ein del av kyrkja har vi fått eit ansvar for verda, og vi ønskjer å dele av alt det vi har fått med dei som har fått lite. Derfor ønskjer vi som kyrkje å sette fokus på Fasteaksjonen. Ein enkel måte å vise at vi bryr oss, også om menneske vi ikkje kjenner.

I fjor samla vi inn over 200 000 kr til Fasteaksjonen i Fjell, Foldnes og Landro. Ver med å gjere årets resultat endå bedre!

Til Fasteaksjonen treng vi hjelpe frå frivillige som bøsseberarar, bollebakarar, sjåførar og praktisk hjelpe (registrering av bøsseberarar og teljing av pengar) under aksjonen. (KN)

Barne- og tweenskora  
i Fjell & Landro  
avsluttar vårsemesteret med  
**Konsert**  
for heile familien.



Tysdag 23 mai kl. 17.30  
i Fjell kyrkje  
Kollekt

## The Gospel Singers



Søndag 21. mai  
kl. 19.00  
i Landro kyrkje.

Billett: 200

# Konfirmantar



## Fjell kyrkje

### 6. MAI KL. 10.30

Thomas Haugsbakk Akse  
Nils-Martin Altmann Ekerhovd  
Trym Wergeland Ekerhovd  
Steffen Andre Fjørstad  
Andreas Carlsen Halvorsen  
Ruben Hauge  
Simon Hauge  
Marcus Engh Hernar  
Lene Karin Kollevåg  
Christian Lyngøy  
Daniel Mikal Sekkingstad  
Frida Strandtu Silden  
Synne Skålevik  
Erik Iversen Torvund  
Anne Hove Vie  
Ronnja Malene Herland Vinterstø  
Laura Aarseth

### 6. MAI KL. 12.30

Martine Bildøy  
Vilde Cassandra Rogne Birknes  
Mathilde Fredheim Eide  
Synne Myklebust Einarsen  
Sindre Ekerhovd  
Magnus Sætenes Fjeld  
Eirin Helland  
Silje-Kristin Fondevik Iversen  
Amanda-Celin Jacobsen  
Anna Regina Johansen Klungtveit  
Anna Knutsen  
Lena Svanøe Kolltveit  
Thea Sandstø Larsen  
Magnus Larson  
Andrea Toft Ledang  
Sondre Eugen Nilsen  
Frida Xinghua Paulsen  
Vegard Bildøy Pedersen

Torarin Sewe  
Herman Forland Telle  
Nora Forstrønen Torsvik  
Maria Kongsbakk Wergeland  
Trym Wiese  
Andrine Midtkandal Østenstad

### 6. MAI KL. 14.30

Elias Bergtun  
Alvind Kristian Ekerhovd  
Shalissa Isabell Rostrup Eriksen

### 7. MAI KL. 10.30

Vilde Lunde Berg  
Andrea Rysjedal Bildøy  
Andreas Dale  
Emma Kristina Eikås  
Malin Snarberg Ekren  
Hans Robin Golten  
Viktoria Golten  
Silje Grønhaug  
Amalie Halvorsen  
Kim Lukas Havsgård  
Heidi Skauge Hetland  
Andreas Møvik  
Jarl-Odin Møvik  
Helena Berland Nilsen  
Dennis Mjøs Nordvik  
Sara Nordvik  
Markus Elias Ruud Pedersen  
Mattias Scott Robertson  
Celina Larsen Sverud  
Julie Vågenes  
Benedikte Wasbø  
Andrine Brettvik Wisnes  
Kamilla Aakre

### 7. MAI KL. 12.30

Maren Haaland Brakstad  
Renè Ekren  
Kristine Espeskog  
Håvard Fjæreide  
Sondre Fjæreide  
Ole Gunnar Tellnes Hagenes  
Hege Bogen Haukaas  
Martine Hjelme Heggøy  
Karoline Helene Jørgensen  
Tobias Moen Olsen  
Malene Nordtvedt Skaga  
Renè Hansen Solseth  
Are Mikal Toft  
Benjamin Trovåg



## Foldnes kyrkje

### 23. APRIL KL. 11.00

Roberth Patricio Molina Haugland  
Jan Anders Lokøy

### 6. MAI KL. 10.30

Helene Erichsen Djuve  
Thea Magrethe Eide Fluge  
Nikolai Uglehus Hevrøy  
Kevin Jensen  
Adrian Wesley Gavlen Johnsen  
Linnea Jung  
Martine Molland Justad  
Lene Sæterlid Larsen  
Henrik Lillebø  
Marie Midttun  
Andrine Henriette Ponce Nunez Sjo  
Silje Stikholmen

### 6. MAI KL. 12.30

Helene Gjervik Bergesen  
Martin Emil Ekerhovd  
Andrea Foldnes  
Jonas Aleksander Foldnes  
Harald Hals  
Casper Klubben  
Mia Madsen  
Robert Tubez Michelsen  
Chris-Robin Misje  
Ina Kristine Pedersen  
Vilde Tetlie Sletten  
Isabell Vågheim Våge





### 13. MAI KL. 10.30

Harald Abotnes  
Eirik Angeltveit  
Henrik Kjærgård Bergfjord  
Alexander Haakon Bjørkhaug  
Hanne Eliassen  
Erik Fiksen  
Anne Oline Gammelsæter  
Celine Marie Hagen  
Marius Hansen  
Martin Rasmussen Herland  
Jacob André Bergfjord Kråkenes  
Malin Larsen  
Marlene Kristin Larsen  
Maria Bollmann Lie  
Stian Mikkelsen  
Anders Samuelsen Olsen  
André Skanding Rasmussen  
Storm Sage Solmundsson  
Madelen Fosse Straume  
Lea Bjerga Tøraasen  
Linn Karin Østgulen  
May-Linn Rygg Aasen

### 13. MAI KL. 12.30

Joachim Midtveit Andersen  
Malin Kausland Andersen  
Adrian Eugen Austefjord  
Nicole Alejandra Avalos-Karlsen  
Eskil Bogstad  
Silje Margrethe Kløvrud Eriksen  
Eric Wiltzius Eustice

Nikolai Hansen Gangstø  
Sindre Hansen Gangstø  
Alexander Berntsen Haavik  
Kevin-Andrè Midtveit Haugland  
Madelen Hovland Kahrs  
Dennis Landro Kleveland  
Elise Knapskog  
Kevin Monsen  
Håvard Juvik Roseth  
Alexandra Ruud  
Alice Pongkan Snekkevik  
Mathias Steinsvik  
Brage Støfringshaug  
Endre Kjerstad Sunde  
Nora Roseth Aam

### 14. MAI KL. 10.30

Thomas Algrøy  
Sofie Helene Bjarøy Bibow  
Amalie Larsen Bjørø  
Tor-Christian Fimreite  
Thea Beate Jensen Gandrudbakken  
Kristian Andrè Hellesø  
Silje Hopland  
Mira Lunde  
Erika Løvaas  
Mia Lie Neset  
Sindre Andre Olsen  
Vebjørn Rosendahl  
Christian Sandal  
Stine Knudtsen Skjæveland  
Emma Sørensen  
Birgitte Hatlelid Winterseth

### 14. MAI KL. 12.30

Martin Brunstøl  
Sebastian Jensen Ekerold  
Marius Flatebø  
Erlend Tveranger Johannessen  
Ørjan Tveranger Johannessen  
Melissa Snekkevik Johansen  
Herman Kalgraaff Kaspersen  
Tuva Bergitte Kårstad  
Ingvild Seljen Langum  
Aron Park Liland  
Isabell Ebbesvik Marthinussen  
Elen Nilsen  
Hanne Rise  
Dina Hamre Schumann  
Alexandra Pedersen Straume  
Emilie Høgøy Sund  
Sebastian Løtvedt Aas

## Landro kyrkje

### 13. MAI KL.10.30

Isabell Berland  
Therese Dyrøy  
Tobias Fjellhaug  
Vilde Haakonsen  
Erik Hagelin  
Julie Vindenes Hermansen  
Henrik Hernandez Hestad  
Camilla Olsen Kaland  
Henriette Smith Larsson  
Tina Fjeldstad Madsen  
Solveig Solheim  
Siri Kobbeltvædt Turøy  
Tobias Garlid Urheim  
Sindre Vethe

### 13. MAI KL.12.30

Maren Haugro Alvheim  
Johannes Angeltveit  
Benedicte Møgster Austbø  
Johan Thorkildsen Fonneland  
Maren Sofie Paulsen Garberg  
Sanne Danielsen Hamre  
Marcus Turøy Joensen  
Isabell Iversen Langeland  
Celine Kjellen Moss  
Henrik Algrøy Njøten  
Julie Marie Olsen  
Isak Haugro Solsvik  
Juliane Amalie Tøssebro

### 14. MAI KL. 11.00

Christoffer Bergesen  
Emma Clementsen  
Marie Tangerås Eide-Hansen  
Adrian Sæle Haukanes  
Frida Landro Johansen  
Amanda Eriksen Nesse  
Nicolai Johannessen Nåmdal  
Adrian Pedersen  
Aleksander Pedersen  
Andreas Pedersen  
Sander Rakland  
Sondre Rushby  
Marius Skintveit Steinsland  
Kristoffer Molland Telle  
Nathalie Ågotnes Vikøren  
Torstein Ågotnes

# Konfirmantjubileum – 9/10-2016



80-årsjubilantane



75-årsjubilantane



70-årsjubilantane



60-årsjubilantane



50-årsjubilantane



40-årsjubilantane



Fjell kyrkjelyd samlar tradisjonelt inn gåver ved offer på gudstenestene i mynt og seddel. Men no kan ein også gi elektronisk.

«Vipps» er eit program ein kan installera på mobiltelefonar for å senda pengar frå eigen bankkonto til ein motakar etter eige val.

Om du vil øremerka gåva til for ek-

sempel misjon, er tekstfeltet fyld ut med «misjon». Offergåver i gudsteneste skal merkes med talet «1», dette gjeld fram til neste gudstenestedag. Umerka innbetalingar går til kyrkjelydens arbeid. Alle andre aktivitetar som inneber innbetaling til Fjell kyrkjelyd sin Vipps må vera avklart på førehand og ha ei einskapleg og tydeleg merking.

# Bli med – Vær eit lys for andre!

**Du kan vere ein av dei som med liten innsats utgjer ein stor forskjell for medmenneske nær deg. Å vere frivillig betyr å gje litt av tida si. Ikkje ofte, men av og til.**

Å vere frivillig i kyrkja handlar om å setje av tid til å vere eit medmenneske som lyttar, eller tid til å hjelpe til praktisk under ei gudstjeneste eller andre arrangement der hjelpende hender trengs.

## Liv-Hanne Skoge:

– Eg er medliturg og medlem i informasjonsutvalet, ellers har eg hjulpe til med nokre enkeltarrangement. Eg har vorte kjend med mange kjekke og ikkje minst blide menneske.

– Som medliturg må eg stå foran publikum og snakke i mikrofon. Det var ei stor utfordring i byrjinga. Eg var utruleg nervøs dei første gongene. No går det betre, og eg har fått bruk for denne røynsla i andre høve, der eg må stå foran mykje folk og snakke. Det kan godt hende at det er god bruk for sånne som meg i frivillig arbeid, men for meg har dette vore ein gavepakke der eg føler at det er eg som har fått mest att for dei frivillige oppgåvane mine. Røynsle, takksemd, vene, godt humør, interessante utfordringar og gode tilbakemeldingar. Det gir meinung til livet mitt!

## Jan Ragnvald Torsvik:

– Eg liker å bidra inn i eit felleskap som er større enn meg sjølv. Det gjer meinung. I Fjell kyrkje er eg med i informasjonsutvalet, og er stand-in på kyrkjekaffi om dei er i knipe.

– Å stå framføre folk å prate er ikkje mi greie, men det er heldigvis folk som synes det er kjekt. I tillegg har eg blitt med i soknerådet. Det er eit slags styre for det kyrklege arbeidet, men utan arbeidsgjearansvar. Dess fleire frivillig som vil bidra, dess meir kan vi tilby til ulike grupper i kommunen vår innanfor vårt arbeidsområde. Eg ser for meg mange ulike felt vi kan ta for oss. Vi treng å inkludere dei som er nyinnflytta i kommunen, nokon treng transport til gudsteneste, få fleire aktive i gudste-



Liv-Hanne Skoge og Jan Ragnvald Torsvik ynskjer fleire frivillige velkommen til Fjell kyrkje.



nesta til dømes med sang eller musikk. Ja, eg seier VELKOMEN!

## Noko for deg?

Har du lyst til å vera frivillig medarbeidar i Fjell kyrkjelyd?

Gå inn på nett <https://kyrkja.no/fjell>, trykk deg vidare inn på det grøne ikonet (Bli med!) og deretter på det oransje ikonet (Fjell kyrkje) og les meir om det å gjøre frivillig teneste som: Kyrkjevert - Kyrkjekaffi - Medliturg - Teknikar - Søndagsskule - T-dagen - Lunsjhjelpar, babysang - Barnekor - Tweenskor - Tweensklubben



- Ten Sing Lukas - KRIK - Anna ungdomsarbeid - Misjonsprosjekt - Sotra reviderte - Kyrkjebrass - Musikalske innslag - Retreat i Fjell - Diakonale tiltak - Gudstenesteutvalet - Informasjonsutvalet - Utval for frivillig teneste - Enkeltarrangement.

For meir informasjon om det å vere frivillig medarbeidar i Fjell kyrkjelyd, kan du ta kontakt med «Utval for frivillig teneste» i Fjell sokn: Gerd Fjeld Andersen, tlf: 90194841, eller gå inn på nettsida til Fjell kyrkje. Du finn og informasjon på facebook.

TEKST OG BILDER: FJELL SOKNERÅD

## KYRKJETENAR FOLDNES KYRKJE

### Vi søker etter KYRKJETENAR i Foldnes kyrkje.

Oppgåvane er å gjøre klar til, og assistere under gudstenester og andre arrangement.

Arbeidstid er ei helg i månaden, etter oppsett arbeidsplan.

Noko kveldsarbeid og arbeid i høgtidene må pårekna.

Stillinga er ledig frå 1. mai 2017

Stillinga er løna etter tariff.

### Søknader skal sendast til

Fjell kyrkjelige fellesråd v/driftsleiar Norvald Snekkevik, pb 184, 5342 Straume eller epost norvald.snekkevik@fjell.kommune.no

Spørsmål om stillingane kan rettast til driftsleiar på tlf 93 07 07 41

**Søknadsfrist: 3. april 2017**



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Fjell kyrklege fellesråd

## T9 - Godheit


Fredag 3. februar var mange flinke, fargerike, flotte tredjeklassingar med futt i, samla i Foldnes kyrkje. Vi vart kjende med herr Fargerik, vi lærte masse om godheit, og vi hadde det veldig kjekt i lag.



## T8 - Barnas



No i desse dagar er det mange **andreklassingar** som får det fine søndagsskulebladet «Barnas» i postkassa. Det er dei som har takka ja til å få eit lite Barnas-abonnement frå T-dagen. Slik kjem T-dagen heim i postkassa, rett og slett.



## T4 - kyrkjeboka

Søndag 12. februar var mange forventningsfulle fireåringer møtt opp i kyrkjene våre for å få den fine fireårsboka. Det vart ein skikkeleg festdag. Vi gler oss til å sjå dykk att på T5 neste vår. Fram til da, vonar vi at de kikkar masse i fireårsboka sammen med ein voksen.

## Velkommen på T-dagar

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no) eller på
- tlf. 55 09 74 40. Spør etter Elisabeth, Kari eller Søgnie.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusopplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.

## T2 - Påske



**Laurdag 25. mars** blir det myldredag med påskevandring for dei som fyller to år i år. Det skjer samstundes i alle dei tre kyrkjene våre: **Klokka 14.30-16.30**. Det blir song, vandring, forteljing, leik og litt å ete. Velkommen!

## T6 - Skulestartdag



Dei som skal byrje på skulen til hause (altså dei som er fødde i 2011), er hjarteg velkomne til

«T6 Skulestartsday» før sommaren. Det skjer i alle tre kyrkjene våre: **22. mai i Landro kyrkje, 23. mai i Foldnes, og 24. mai i Fjell kyrkje**. Vi skal møte Sakkeus, og høre om korleis han fekk ein ny start.

## T5 - Den gode gjetaren

Tysdag 25. april blir det T5-dag for 2012-borna i **Foldnes kyrkje**. Vi skal høre, tenkje, forme, ete, leike, syngje og ha det veldig kjekt i lag.



Temaet er «Den gode gjetaren». Hjarteg velkommen!

## T13 - Forsoning



Rolleespel

«Vi gler oss til å møte fine 13-åringer **31. mars i Foldnes kyrkje**.

Det blir ein super ettermiddag og kveld med god mat, venskap og tema om forsoning, ein kraftfull kjensle som berører oss på vondt og godt. Vi ser fram til ein befridende kveld.

Velkommen du som går i 7. klasse.»

## T15 - Fasteaksjon



**Laurdag 1. og søndag 2. april** er konfirmantane i sving med sin fasteaksjon. På laurdagen blir det stor-samling i **Foldnes kyrkje**,

og på søndag kjem konfirmantane rundt til husstandane i kommunen med sine fastebøsser. Temaet for innsamlinga er livsviktig: «Ja, vi elskar dette vatnet!» Vatn gir liv, til planter, dyr og menneske. Men vatn kan også ta liv, om det er ureint og forureina. Det er difor Kirkens Nødhjelp jobbar kvart år, kvar veke og kvar dag for å gjere rent vann tilgjengeleg for fleire.

# Bli med på T-dagar 2017

The map shows the outline of Norway with various church events plotted across the country. Nine circular icons represent different events, each with a number (T9, T4, T2, T13, T15, T6, T11, T16, T17, T18) and a title. A small circular icon at the top left shows a group of people gathered around a small tree.

- T9 «Godheit»**: Fredag 3. februar i Foldnes kyrkje
- T4 «Kyrkje-boka mi»**: Søndag 12. februar i Landro, Fjell og Foldnes kyrkje
- T2 «Påske-vandring»**: Laurdag 25. mars i Landro, Fjell og Foldnes kyrkje
- T13 «Forsoning og venskap»**: Fredag 31. mars i Foldnes kyrkje
- T15 «Fasteaksjonen»**: Laurdag 1. og søndag 2. april
- T6 «Skulestart»**: 22. mai (Landro)  
23. mai (Foldnes)  
24. mai (Fjell)
- T5 «Den gode gjetaren»**: Tysdag 25. april i Foldnes kyrkje
- T11 «Baby-song i kyrkja»**: 23/1 + 24/4: Foldnes  
20/2 + 29/5: Landro  
27/3 + 12/6: Fjell
- T16, T17, T18 «Sommarfest»**: Laurdag 10. juni i Foldnes kyrkje

Informasjon og påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no) eller [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)

**Med himmel over livet og føter på Fjell**



Dato	Kyrkeårsdag	Kyrke	Kl.	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Prest	Takkoffer
<b>Fjell kyrkje</b>							
26.03.17	Maria Budskap	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Dåp	Nese	MAF
02.04.17	4. s. i faste	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Nattverd	Unneland	Kirkens nødhjelp
09.04.17	Palmesøndag	Fjell kyrkje	11:00	Familiegudstj.	Dåp	Aannerød	Misjon Thailand/Laos
13.04.17	Skjærtorsdag	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Nattverd	Nese	Eige arbeid
14.04.17	Langfredag	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste		Ekerhovd-O	
16.04.17	1. Påskedag	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Nattverd	Aannerød	Stefanusalliansen
17.04.17	2. Påskedag	Fjell festning	12:00	Gudstjeneste		Ekerhovd-O	Krik Hordaland
23.04.17	2. S. i påsketida	Fjell kyrkje	19:00	Ung messe	Nattverd	Ekerhovd-O	Eige arbeid
30.04.17	3. S. i påsketida	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Dåp, Nattverd	Unneland	Blå Kors i Norge Soknemøte
06.05.17		Fjell kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Aannerød	Eige arbeid
06.05.17		Fjell kyrkje	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Aannerød	Eige arbeid
07.05.17	4. S. i påsketida	Fjell kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Maria Tveten	Eige arbeid
07.05.17	4. S. i påsketida	Fjell kyrkje	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Maria Tveten	Eige arbeid
14.05.17	5. S. i påsketida	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Dåp, Nattverd	Kopperud	NLA Høgskolen
17.05.17	17. mai	Fjell kyrkje	11:00	Gudstjeneste		Aannerød	Kirkens bymisjon Bergen
<b>Foldnes kyrkje</b>							
26.03.17	Maria Budskap	Foldnes kyrkje	19:00	Bibelbønlvosong	Nattverd	Ekerhovd-O	Eige arbeid
02.04.17	4. s. i faste	Foldnes kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Dåp, Nattverd	Aannerød	KRIK
09.04.17	Palmesøndag	Foldnes kyrkje	11:00	Familiegudstj.	Dåp	Ekerhovd-O	Åpne dører
14.04.17	Langfredag	Foldnes kyrkje	11:00	Gudstjeneste		Kopperud	
16.04.17	1. Påskedag	Foldnes kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Nattverd	Ekerhovd-O	Menneskeverd
23.04.17	2. S. i påsketida	Foldnes kyrkje	11:00	Jazzgudstjeneste	Dåp		NMS
30.04.17	3. S. i påsketida	Foldnes kyrkje	19:00	BibelBønlvosong	Nattverd	Ekerhovd-O	Eige arbeid
06.05.17		Foldnes kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Maria Tveten	Eige arbeid
06.05.17		Foldnes kyrkje	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Maria Tveten	Eige arbeid
07.05.17	4. S. i påsketida	Foldnes kyrkje	11:00	Gudstjeneste	Dåp, Nattverd	Unneland	NLM
13.05.17		Foldnes kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Ekerhovd-O	Eige arbeid
13.05.17		Foldnes kyrkje	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Ekerhovd-O	Eige arbeid
14.05.17	5. S. i påsketida	Foldnes kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Ekerhovd-O	Eige arbeid
14.05.17	5. S. i påsketida	Foldnes kyrkje	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste		Ekerhovd-O	Eige arbeid
17.05.17	17. mai	Foldnes kyrkje	11:00	Gudstjeneste		Ekerhovd-O	Eige arbeid
<b>Landro kyrkje</b>							
26.03.17	Maria Bodskap	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd	Aannerød	Familie og medier
02.04.17	4. s. i faste	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd	Nese	Kir. Nødhj / Fasteaksjon
09.04.17	Palmesøndag	Landro kyrkje	11:00	Familiegudstj.	Dåp, Nattverd	Nese	Sjømannsmisjonen
13.04.17	Skjærtorsdag	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd	Kopperud	Ope offer
16.04.17	1. Påskedag	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd	Kopperud	Misjonsprosj. med NMS
23.04.17	2. S. i påsketida	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd	Unneland	Eige arbeid
30.04.17	3. S. i påsketida	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd	Nese	Misjonsprosj. med NMS Soknemøte/kyrkjemiddag
07.05.17	4. S. i påsketida	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd	Kopperud	Gå ut senteret
13.05.17	(Laurdag)	Landro kyrkje	10:30	Konf. gudsteneste		Nese	Eige arbeidarbeid
13.05.17	(Laurdag)	Landro kyrkje	12:30	Konf. gudsteneste		Nese	Eige arbeidarbeid
14.05.17	5. S. i påsketida	Landro kyrkje	11:00	Konf. gudsteneste		Bjarte Nese	Eige arbeidarbeid
17.05.17	17. mai	Landro kyrkje	11:00	Familiegudsteneste		Bjarte Nese	Kirkens SOS

## Døypte

**Fjell kyrkje****29.01.2017**

Filip Olai Talge Algrøy  
Ludvig Kobbeltvedt Årdal  
Esther Karin Lie Stien  
Jonathan Hannisdal  
Annabelle Håkonsund Neverdal  
William Ekren Tvedt  
Amelia Bjørvik Lillebø

**12.02.2017**

Miljan Kårtveit Hauge  
Tomine Wergeland Seglem  
Simone Ysobelle Merillana Fjæreide

**19.02.2017**

Eva Vikøren  
Hans-Oliver Indrebø Arnevik  
Ellie Marøy-Myntevik

**26.02.2017**

Anna-Hermine Habbestad Torkildsen  
Mathias Skråmestø  
Thea Kristiansen-Wilhelmsen  
Håkon Sjursen Røsæther  
Trym Ekerhovd Haugland

**12.03.2017**

Noora Westad Østerbø  
Tobias Iversen  
Melissa Ådland-Aga  
Håkon André Langva Fjell

**Foldnes kyrkje****22.01.2017**

Nellie Arntsen  
Liva Rong Vestad  
Kamille Opseth  
Viljar Haatuft Vedøy  
Brage Vikebø Jacobsen

**05.02.2017**

Ellinor Stormark Foldnes  
Thea Midttveit  
Magnus Hetlelid Folland

**12.02.2017**

Anne-Sophie Davø  
Jacob Pamer McIntyre

**25.02.2017**

Elias Brensdal-Halvorsen  
Sirre Tveit Husby  
Alida Brattetveit Ness  
Nora Ditlefson Opheim  
Adam Mikal Arefjord

**05.03.2017**

Ida Algrøy Snekkevik  
Sebastian Standnes  
Ingrid Eltervåg

**Landro kyrkje****29.01.2017**

Amalie Halvorsen  
Noah Solsvik Lønøy

**12.02.2017**

Gabriel Solsvik

**05.03.2017**

Icelina Aurora Sviggum-Kolltveit

## Døde

**Fjell sokn**

Rakel Kristine Dyrdal	f. 1915
Else Marie Magnussen	f. 1938
Sandra Karin Balsnes	f. 1949
Henry Magne Ekerhovd	f. 1943
Otto Trygve Ekerhovd	f. 1942
Torkil Emil Lømsland	f. 1920

**Foldnes sokn**

Hilmar Martin Sætenes	f. 1930
Aslaug Johanna Hatland	f. 1922
Lilly Vabø Ormevik	f. 1939
Heidi Larsen Lund	f. 1967
Margaret Murray	f. 1923
Oddmund Arnfinn Tveranger	f. 1935
Liv Karin Isager	f. 1944

**Landro sokn**

Torger Ågotnes	f. 1933
Gilbert Solsvik	f. 1945
Marta Langeland	f. 1936
Aud Kirsten Misje	f. 1928

## Vigde

**Fjell kyrkje**

**11.02.2017**  
Anita Høgøy og Øystein Aase

**VI TRENGER FRIVILLIGE.**

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?

Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon  
og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir mening.

**Familiegudsteneste på palmesøndag i alle kyrkjene**

På palmesøndag, 9. april, blir det familiegudsteneste i alle tre kyrkjene kl 11. Alle er hjarteleg velkomne denne dagen, både gamal og ung. Her blir det noko for alle. Det vil bli litt ulikt før og etter gudstenesta i de tre kyrkjene. Nokre stader blir det kanskje kyrkjefrukost før gudstenesta, andre stader blir det heller ein flott kyrkjekaffi etterpå. Følg med på facebooksidene til kvar av kyrkjene, så får du oppdatert informasjon om kva som skjer i kyrkja der du bur. **GOD PÅSKE!**



# RENSEANLEGG

**Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenseanlegg**

**Kontakt:**  
**August Norge AS**  
**Avd. Vestlandet**  
**Tlf: 949 70 680**  
**Mail: sveis@augustnorge.no**

**Ta kontakt for en uforpliktende befaring!**  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)



## Lenes Bakeri & Catering

<b>Koldtbord</b>	m/hjemmebakt ass. brød pr. kuvert	<b>kr. 175,-</b>
<b>Luxussnitter</b>		<b>kr. 18,-</b>
<b>Hvit dame</b>	15 personer	<b>kr. 300,-</b>

Gratis tilkjøring  
Bestilling på tlf. 56 33 44 10 / 56 33 33 10



**BYGGESELSKAPET A/S**

5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75



**-din el-kontakt**

**VESTGAR ELEKTRO**

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

Mollestykket 21, 5360 Kolltveit  
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektr.no • [www.vestgarelektr.no](http://www.vestgarelektr.no)

- Snitter
- Koldtbord
- Varm mat
- Overtidsmat
- Kaker

**Tlf. 56 33 11 50**



**Annonseplace?**  
Fjell Kyrkjeblad kjem i postkassa til alle i Fjell kommune 6 gonger i året.  
Dersom du vil nå breitt ut, kan vi hjelpe deg med annonseplace.  
Ta kontakt for et tilbod.  
Tlf 55097440 eller e-post:  
[post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no)



**Leirstedet til Midthordland Indremisjon**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement  
**Tlf. 56 31 04 40**  
**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



**Gravferdsannonser**

**Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ**  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
( samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



**Bjørgvin BEGRAVELSESBYRÅ** Døgnvakt 55 20 23 00  
[www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

**Bergen & Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN**

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

  
Knut Helge Polden

  
Espen Polden

  
Tom Wilson

  
Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**Solstrands Begravelsesbyrå as**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
Vår erfaring - din trygghet





DEN NORSKE KIRKJA

Besøksadresse: Tytebærrekko 2, Straume

**Sentralbord:** 55 09 74 40

Epost: post.kyrkja@fjell.kommune.no

#### VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

**Prost:** Erling Kopperud, 55 09 74 42, m. 90 85 89 39

epost: erling.kopperud@fjell.kommune.no

**Prostiprest:** Helge Unneland 911 23 612

**Prostesekretær:** Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

#### FJELL KYRKJEKONTOR

For kontakt med prest i Fjell:

kvartdagar frå kl 09.00-15.00 – 55 09 74 40

elles ring beredskaptelefon i prostiet: 95 48 36 55

#### ADMINISTRASJON

Kyrkjeverje: Annlaug Børve 55 09 74 48,

epost: annlaug.borve@fjell.kommune.no

Ass. kyrkjeverje: Borghild Hustad Berge

55 09 74 45, m. 99 70 69 42

epost: borghild.berge@fjell.kommune.no

Kontorsekretær: Anne-Kari Vik 55 09 74 57

epost: anne-kari.vik@fjell.kommune.no

Kyrkjelydssekretær: Line Steinsland Mosnes

epost: line.mosnes@fjell.kommune.no

Kontorlærling: Birgitte Skjoldal

epost: birgitte.skjoldal@fjell.kommune.no

#### PRESTAR

Sokneprest i Fjell: Terje Aannerød 55 09 74 51

epost: terje.aannerod@fjell.kommune.no

Sokneprest i Landro: Bjarte Nese 55 09 74 52

epost: bjarte.nese@fjell.kommune.no

Sokneprest i Foldnes: Petter A. Ekerhovd-Ottersen

55 09 74 46 epost: petter.eo@fjell.kommune.no

Ungdomsprest: Maria Tveten 55 09 74 60

#### DIAKONI

Soknediakon: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47, m. 922 95 377

epost: torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no

Ungdomsdiakoner: Basecamp 55 09 74 58

Nils Ivar Honningdal m. 99 46 88 70

#### BARN OG UNGDOM

Kateket: Mildred Fjøren Heggernes 55 09 74 49

epost: mildred.heggernes@fjell.kommune.no

Kyrkjelydsped./ t-teamsleiar: Kari Burke-Romarheim

55 09 74 61 / kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no

Kyrkjelydsped./ t-team: Søgnie Lillevik Nilsen

Kateket/ t-team: Elisabeth Møll Jung

Kyrkje/skule/barnehagesamarbeid: Rannveig Vestbøstad Vik

epost: rannveig.vik@fjell.kommune.no

Kyrkjelydspedagog/konfirmantleiar: Beate Sørhus

55 09 74 63 / beate.sorhus@fjell.kommune.no

Kyrkjelydspedagog: Håkon Syrstadeng 55 09 74 66

Kyrkjelydsarbeider: Eivind Kausland Lie 55 09 74 54

#### KYRKJEMUSIKK

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01

epost: olav.sorheim@fjell.kommune.no

Organist i Foldnes: Aasmund Brekke 56 32 41 90

Organist i alle tre kyrkjene: Tormod Rebndon

Kantor i Landro: Eline Olsen m. 90 60 53 32

#### DRIFT

Driftsleiar: Norvald Snekkevik 55 09 74 55, m.930 70 741

epost: norvald.snekkevik@fjell.kommune.no

Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17

Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29

Kyrkjegardsarb.: Vegard Lynglund

Kyrkjetinarar i Fjell: 56 33 25 01

Ingals A. Malmo, Janne Lin Fjeld Andersen

Kyrkjetinarar i Foldnes: 56 32 41 90

Ellen Ebbsvik, Olav Arne Myskja

Kyrkjetinarar i Landro: 55 09 74 43

Ingjerd H. Johansen, Vegard Lynglund

#### SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd: Anne Elisabeth Møvik Hornnes,

epost: aehorne@online.no

Foldnes sokneråd: Magne Supphellen

epost: magne.supphellen@nhh.no

Landro sokneråd: Tove Karin Lyngsmo Angeltveit

epost: tove.angeltveit@hotmail.com

[www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell) [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)

## Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg / støtte i kritiske situasjoner), skal ein ta kontakt med:

På dagtid: tlf. 55 09 74 40 / m. 93 41 46 22

### Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: m. 95 48 36 55

### Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du kan difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Sokneprest Terje Aannerød	tlf. 55 09 74 51 (a)
Sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (a)
Sokneprest Petter A. Ekerhovd-Ottersen	tlf. 55 09 74 46 (a)
Ungdomsprest Maria Tveten	tlf. 55 09 74 56 (a)
Soknediakon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70

### Her kan du betale med Vipps




Fjell kyrkjelege fellesråd ..... 82511


Foreningen Basecamp ..... 76162

Fjell kyrkje ..... 80304

Foldnes kyrkje ..... 76022



Merk meldingen med formål og dato.



[www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)



Velkommen til babysong, lunsj  
og fellesskap ein eller fleire  
av desse måndagane!

- 23/1: Foldnes • 20/2: Landro
- 27/3: Fjell • 24/4: Foldnes
- 29/5: Landro • 12/6: Fjell

Påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)  
eller [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)  
Telefon: 55 09 74 62



# Ny i Fjell kommune?

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell kommune. Du er hjarteleg velkommen!

## Foldnes kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11:00.

**Søndagsskule** - under gudsteneste, når det ikkje er familiegudsteneste.  
Kontakt: Maria Wergeland 92 40 88 05

**Bibel, bønn og lovsang** - siste søndag kvar månad kl. 18:30.

Kontakt: Petter Ekerhovd-Ottersen 97 67 97 56

**RAMP** - annankvar tysdag, kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffe! Kontakt: Janne Mo; mojanne1@gmail.com

**Treff** - i kyrkjelydssalen første onsdag pr. mnd. kl. 11.30-14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

**Lukas Tensing** - måndagar frå kl. 18:30 i kyrkjerommet. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

**Ungdomslaurdag** - i Vestfløyen frå kl. 19.00 og utover, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

**Mannsgruppa** - kyrkjelydssalen ein torsdag i månaden.

Kontakt: Bjørn Andersen 908 92 950

**Basardamene** - Foldnes kyrkje. Kontakt: Torill Kvalheim, tlf 90 79 92 22

## Fjell kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11:00

**Søndagsskule** - under gudsteneste, når det ikkje er familiegudsteneste.  
Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 97 67 11 61

**Retreatkveldar** - ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og enkel kveldsbøn. Kontakt: Terje Aannerød 55 09 74 51

**Tweensklubben** - i Fjell kyrkje fredagar kl. 19.00 – 21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

**FamilieKrik** - laurdagar kl. 15.30 på Bildøy bibelskole. Sjå Facebook:  
Familie Krik Bildøy, eller kontakt: Søgnye Nilsen 97546646

**Vokalensemplet Sotra reviderte** - for alle som vil syngle a-capellakor, tysdagar kl. 19-21.30. Kontakt: Ingjerd Hauge Johansen 922 32 815

**Fjell kyrkebrass** - om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag på oddetallsveker kl. 20.-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

**Fjell barnekor** - annankvar tysdag (oddetallsveke), kl. 17.30-18.30 (4 år til 4. klasse). Det er sang, litt hobby og en liten lett kvelds. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988 evt. Kari Mortensen 411 22 323

## Landro kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar, kl. 11:00.

**Onsdagsmøte** - i kyrkjelydssalen kl. 19.30, kvar 14. dag.  
Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

**Taco-fredag** - ein gong pr. mnd. i kyrkjelydssalen kl. 17.-19. For heile familien! Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52.

**Nordre Fjell Barnekor** - for deg som går i 1.-4. klasse, kl. 17.30-18.40 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

**Nordre Fjell Tweenskor** - for deg som går i 5.-8. klasse, kl. 18.40-19.35 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

**Treff i Landro** - i kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30-14.00. Fellesskap, mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

**Landroklubben** - i kjelleren i Landro kyrkje annankvar fredag kl. 18.30 til 22.30. Frå 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

**Tweensklubb** - i Landro kyrkje, annankvar tysdag kl. 17.30 til 18.30. 5.-7. klasse. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52.

For meir info og e-postadresser, gå inn på [kyrkja.no/fjell](http://kyrkja.no/fjell)

# BARNE-KRYSSORD



### Vannrett:

1. Høytid
7. Guttenavn
8. Dra
9. Ru
11. Finn Iversen
12. Oppholdsrom
13. Anja Nilsen
14. Guttenavn
17. Original

### Loddrett:

1. Guttenavn
2. Jentenavn
3. Gå ut på ski
4. Stor boks
5. Stort dyr
6. Guttenavn
9. Marit Sau
10. Igjen (nyn.)
15. I orden
16. David Eriksen



Bli med i trekninga av ein velfri stor pizza m/drikke og is for fire!

Send inn kryssord til

Fjell kyrkjekontor,  
PB 184, 5342 Straume

Merk konvoluten: «Kryssord..»

Vinnar av Barnekryssord  
i nr. 1-2017:

Olivia Kaser (6 år)

Vassvikvegen 69  
5363 Ågotnes

**DOLLY DIMPLE'S**

Namn:.....

Adresse:.....

.....